



## **Prosjektrapport. Berekraft, biosfære og bibliotek: samarbeid i Nordhordland UNESCO biosfæreområde**

Hausten 2023 starta biblioteka i Nordhordland og Nordhordland biosfæreområde opp prosjektet fylt med ulike arrangement, møteplassar og utstillingar knytt til UNESCO biosfærestatusen som Nordhordland har. Eit UNESCO biosfæreområde arbeider for berekraftig utvikling der ein skal ta vare på det biologiske og kulturelle mangfaldet, og vidareutvikle lokalsamfunnet i ei berekraftig retning.

Det har vore ein periode med mange spennande foredrag, verkstader og forfattarsamtaler som har hatt fokus på berekraft og biosfære. Prosjektet blei avslutta ved årsslutt 2024.

### **Om berekraft, biosfære og bibliotek**

Berekraft, biosfære og bibliotek er eit prosjekt av biblioteka i Nordhordland som saman rettar fokus på biblioteket si rolle som møteplass og formidlar innan berekraft, FNs berekraftsmål og Nordhordland som UNESCO biosfæreområde. Prosjektet samarbeidet med Nordhordland UNESCO biosfæreområde og lokale organisasjonar i regionen om ulike arrangement, samtaler og treff i prosjektperioden. Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Gulen, Osterøy og Vaksdal kommunar er med i dette prosjektet og det er finansiert av kommunane og støtta av Nasjonalbiblioteket.

### **Planlegging og målgruppe**

Målgruppe for prosjektet var barn, vaksne samt barnehagar og skular. Vi fann raskt ut at det var utfordrande å skape arrangement som famna alle i same arrangement.

Før sommaren 2023 og hausten 2023 nytta me tiden godt til planlegging av arrangement, konseptutvikling og kontakt med ulike aktørar. Allereie tidleg i prosjektet oppdaga me utfordringa med lange avstandar mellom dei ulike biblioteka i Nordhordland og ikkje minst utfordring med mangel på overnattings moglegheiter i nærleiken. Me etablerte kontakt med Region Nordhordland og fekk ein del hjelp til emnar og tema som var aktuelle.

Eit av tema handverk skissert i søknaden viste seg å vera utfordrande å knytte til seg samarbeidspartnarar. Dei lokale husflidlaga hadde nok aktivitetar frå før av, og dei fleste som var aktive frivillige hadde ikkje kapasitet til å ta på seg meir. Hagelaga viste stor interesse for samarbeid.

Det var vanskeleg å rekruttera forfattarar og foredragshaldarar med lokalt fokus til prosjektet. Mange av dei vi ønskte var travle og opptekne. Det blei derfor brukt fleire eksterne



foredragshaldarar og forfattarar. Me er likevel svært fornøgd med dei dyktige og spennande aktørane som var med i prosjektet.

### Resultat og måloppnåing

I prosjektet var hovudmålet å planlegge, utvikle og gjennomføre interaktive arrangement innan Nordhordland UNESCO biosfæreområde. For å nå dette målet og undermåla til prosjektet, blei det sett opp mange ulike arrangement som la opp til kunnskapsdeling og samtale med publikum, og vi nytta marknadsføring aktivt. Vi fekk nye målgrupper til biblioteket ved å nytte samarbeidspartnarane våre godt, og vi inviterte barnehagar og skuler inn til utstillinga vi hadde. Arrangementa var godt besøk og vi hadde ein generelt stor besøks- og utlånsauke gjennom prosjektperioden. I ettertid opplever vi at fleire lokale aktørar søker samarbeid med biblioteka enn før, og vi har varige samarbeid med fleire aktørar, særleg med Region Nordhordland prosjektet: Nordhordland UNESCO biosfæreområde, men også lokale frivillige lag og foreiningar.

Det er noko uklart om vi har nådd målet om å skape engasjement og interesse i ettertid av prosjektet, men vi veit at vi basert på tilbakemelding frå publikum, ikkje har nådd alle som ville vore interessert i å delta på arrangementa. Publikum har vore interesserte og stilt gode spørsmål undervegs i arrangementa, og vi trur dei som deltok har fått mykje ny og nyttig kunnskap. Samstundes har vi som arrangørar lært mykje om arrangørrolla, interne og eksterne samarbeid og gjennomføring av det største prosjektet vi har hatt i nyare tid.

### *Innhald og aktivitetar*

#### Klesbytedag

Klesbytedag i samarbeid med Frekhaug frivilligsentral og Naturvernforbundet. Her erfarte med korleis gjennomføringa av eit slikt konsept kunne finne stad og kva ressursar det kravde av oss som arrangørar. Dette utvikla seg til å innehalde reparering av klede.

#### *Ein grønare kvardag*

Kristine Ullaland kom med foredrag til vaksne og skulebarn. Foredraget inspirere til å prøve ein eller fleire idear som bidrar til ein grønare kvardag. Me snakka om berekraftige vanar skal vere inspirerande og gje glede i kvardagen, og ga konkrete råd for hygieneprodukt, forbruksvarer og komposterbart avfall.

#### *Spiselig hage*

Dennis Asbjørnsen som hadde eit spennande foredrag med å vise kor enkelt det kan vera å dyrka sin eigen mat. Her fekk publikum kunnskap, informasjon og inspirasjon om dyrking av eigen mat.



### *Matredding for klima og lommebok*

Mette Nygård Havre kom med gode tips og triks til korleis me alle kan bli betre matreddarar. Gjennom «Spis opp maten» motiverer Mette folk til å redusera matsvinnet både på heimebane og på jobb. Ho fekk endra haldbarheitsmerkinga på mat frå «Best før» til «Best før, men ikkje dårleg etter».

### *Foredrag: Tradisjonsbrygging av øl*

Forfattar Lars Marius Garshol hadde foredrag om tradisjonsbrygging av øl. Eit spennande arrangement som trakk nye målgrupper til biblioteket, særleg menn.

### *Foredrag: Klede og Berekraft*

Ingunn Grimstad Klepp er professor i klede og berekraft, ved OsloMet, og tok turen for å snakke om kva som skjer i politikken, industrien og i forskinga rundt klede. Korleis kan me kutte utslepp og forbruke mindre?

### *Foredrag tang og tare*

Det blei eit spennande kurs om tang og tare med sankaren frå Fedje. Arrangementet starta med teori om tang. Etterpå brukte vi teorien i praksis, og laga matrettar med tang.

### *Handverk i Nordhordland*

Foredrag om kvifor handverkstradisjonane våre viktige. Det blei foredrag om fiskarbonden sitt liv frå Erna Osland, framvising av Nordhordland Unesco biosfære sin handverkskino, og ikkje minst dialog med publikum; Korleis tek vi vare på handverket og kulturarven knytt til dette i Nordhordland? Kva kan tradisjonane våre bety for dei utfordringane vi står i dag - for eit meir berekraftig samfunn.

### *Det opne landskapet*

Det blei snakka me om kvifor forskning om kulturlandskap er viktig ved Kari Evensen Natland i Nordhordland UNESCO biosfære. Katja Malmborg, ved Universitetet i Bergen fortalde om forskning kring landskap og kulturlandskap. Fotograf og forfattar Arne Årseth presenterte gamle og nye bilde frå Nordhordland med kva endringar vi ser. Vidare vart det dialog med publikum – det opne landskapet i Nordhordland og naturgode det gjev oss.

### *Biosfæreutstilling på biblioteket*

Under biosfæredagen 1. juni 2024 blei utstillinga "Sirkulære Nordhordland" laga av Nordhordland Biosfæreområde og Lyngheisenteret presentert. Etter biosfæredagen blei den flytta til Knarvik bibliotek, der den stod heile sommaren. På utstilling blei ein betre kjent med biosfære området og kunna læra meir om fotosyntesen, livet på land og i hav m.m. Etter utstillinga i Alver, gjekk utstillinga vidare til dei andre biblioteka etter tur. Utstillinga blei formidla av bibliotekarane på dei ulike biblioteka og var eit tilbod for alle, særleg skuleklassar blei invitert inn for å sjå utstillinga.



### *Kva gode vi får av naturen*

Katja Malmborg frå Universitetet i Bergen fortalde om forskning som er gjort i Nordhordland kring naturgode. Det blei snakk om UNESCO Biosfæreområde, og kvifor naturen og naturavtalen er så viktig i eit biosfæreområde v/ Hildegunn Opdal. Lokale Liv-Anne Aanesen fortalde om Aktiv i Modalen og iModalen, og kvifor naturen er så viktig i hennar verksemder.

### *Masfjordfjella*

Foredrag og dialog kring tema: Masfjordfjella. Stein Byrkjeland frå Statsforvaltaren i Vestland fortalde korleis dei arbeider med det eldste grunnfjellet i Vestland, Kjersti Isdal snakka om UNESCO Biosfæreområde og Jane Britt Daae fortalde om fjellturar i Masfjordfjella og i Stølsheimen.

### *Ein grønare kvardag*

Ordførar May-Lynn Osland og Nini Hæggernes frå Gulen kommune fortalde om prosjektet «Ein grønare kvardag». Hildegunn Opdal fortalde om UNESCO Biosfæreområde; og kvifor lokal mat, drikke og naturressursar er så viktig i Nordhordland. Frå Hille gard og glamping kom Eva Hägglund og frå Brosvika gard Knut Håvard Brosvik og fortalde om sine erfaringar kring berekraftig matproduksjon og grønare kvardagar.

### *Jordboka for hagen*

Det eit lærerikt og inspirerande foredrag med Dag Jørund Lønning. I foredraget formidla han kunnskap om korleis kan me utvikla hagen med naturen som samarbeidspartnar og kva kan me oppnå om me gjennomfører dette løftet saman. Det blei eit djupdykk i den levande molda, den alt liv kjem frå og vender tilbake til.

### *Forfattarbesøk i barnehagar og skular*

Forfattar Synnøve Borge kom på besøk til skuler og barnehagar der barna fekk djupdykk ned i ulike fortellingar om ulike dyr.

### *Forfattarbesøk i barnehagar og skular*

Barnehagar og skule fekk besøk av forfattar Marit Røgeberg Ertzeid. På ettermiddagen blei det besøk i Knarvik bibliotek. Marit lesa frå «Fjære for småfolk» og fortalde om kråkebollen, eremittkrepsen, kamskjelet og ei rekkje andre skapningar frå den norske fjøra.

### *Inspirasjonsforedrag: Redesign av tekstilar*

Skreddar Sabine Gottwald hadde foredrag om å lære og laga nye ting av gamle tekstil og fikse klede. Sabina viste fram ulike gjenstandar frå gamle tekstil, som har vorte noko nytt.

### **Programmet**

Oversikt over arrangementa under prosjektet



| dato       | stad                              | tema                                      |
|------------|-----------------------------------|-------------------------------------------|
| 28.10.2023 | Meieriet Frekhaug, Alver          | Klesbyttedag                              |
| 30.10.2023 | Masfjorden skulebesøk             | Ein grønare kvardag med Kristine Ullaland |
| 07.11.2023 | Gulen folkebibliotek              | Ein grønare kvardag med Kristine Ullaland |
| 14.11.2023 | Dale bibliotek                    | Ein grønare kvardag med Kristine Ullaland |
| 20.11.2023 | Lindås bibliotek, Alver           | Redesign klesverkstad                     |
| 20.11.2023 | Manger bibliotek, Alver           | Redesign klesverkstad                     |
| 21.11.2023 | Masfjorden folkebibliotek         | Spiselig hage med Dennis Asbjørnsen       |
| 22.11.2023 | Austrheim folkebibliotek          | Spiselig hage med Dennis Asbjørnsen       |
| 23.11.2023 | Osterøy bibliotek                 | Spiselig hage med Dennis Asbjørnsen       |
| 23.11.2023 | Modalen folkebibliotek            | Spiselig hage med Dennis Asbjørnsen       |
| 28.11.2023 | Austrheim folkebibliotek          | Matredding for klima og lommebok          |
| 04.12.2023 | Manger bibliotek, Alver           | Redesign klesverkstad                     |
| 13.03.2024 | biblioteket i Knarvik, Alver      | Foredrag: Klede og Berekraft              |
| 20.03.2024 | biblioteket i Knarvik, Alver      | Foredrag: Tradisjonsbrygging av øl        |
| 21.03.2024 | hovudbiblioteket på Dale, Vaksdal | Foredrag: Tradisjonsbrygging av øl        |
| 08.04.2024 | Masfjorden folkebibliotek         | Tang og Tare i matlaging                  |
| 10.04.2024 | Modalen bibliotek                 | Tang og Tare i matlaging                  |
| 11.04.2024 | Austrheim folkebibliotek          | Tang og Tare i matlaging                  |
| 25.04.2024 | Gulasalen, kommunehuset, Gulen    | Handverk i Nordhordland                   |
| 21.05.2024 | Austrheim folkebibliotek          | Det opne landskapet                       |
| 22.05.2024 | biblioteket i Knarvik, Alver      | Det opne landskapet                       |
| 30.09.2024 | biblioteket i Knarvik, Alver      | Redesign klesverkstad                     |
| 01.10.2024 | Lindåshallen, Alver               | Redesign klesverkstad                     |
| 02.10.2024 | biblioteket på Manger, Alver      | Redesign klesverkstad                     |
| 03.10.2024 | Modalen folkebibliotek            | Kva gode får vi av naturen?               |
| 22.10.2024 | Masfjorden folkebibliotek         | Masfjordfjella                            |
| 12.11.2024 | Gulasalen i Gulen kommunehus      | Ein grønare kvardag                       |



|            |                                   |                                                     |
|------------|-----------------------------------|-----------------------------------------------------|
| 19.11.2024 | Osterøy bibliotek                 | Jordboka for hagen- foredrag med Dag Jørund Lønning |
| 19.11.2024 | Fedje                             | Lesestund med Synnøve Borge                         |
| 19.11.2024 | Austrheim                         | Lesestund med Synnøve Borge                         |
| 20.11.2024 | Masfjorden bib. Hosteland         | Lesestund med Synnøve Borge                         |
| 20.11.2024 | Byrknes, Gulen                    | Lesestund med Synnøve Borge                         |
| 25.11.2024 | Austrheim                         | redesign av tekstilar med Sabine Gottwald           |
| 26.11.2024 | Knarvik, Alver bibliotek          | Lesestund med Marit Røgeberg Ertzeid                |
| 26.11.2024 | Osterøy bibliotek                 | Lesestund med Marit Røgeberg Ertzeid                |
| 26.11.2024 | hovudbiblioteket på Dale, Vaksdal | Lesestund med Marit Røgeberg Ertzeid                |
| 28.11.2024 | Gulasalen i Gulen kommunehus      | redesign av tekstilar med Sabine Gottwald           |

### Erfaringar

Prosjektet var svært ambisiøst med mange ulike aktørar og samarbeidspartnarar. Fleire av kommunane var i eit godt etablert samarbeid frå før, og vi hadde gjort gode grep i forkant for å redusere utfordringar knytt til samarbeid. Mellom anna hadde Alver kommune ansvaret for gjennomføring og framdrift i prosjektet, alt frå koordinering, kontakt og booking av aktørar til marknadsføring og økonomi. Samarbeidskommunane var med på framdriftsmøter, idémyldringar og gjorde eigne tilsette og lokala sine tilgjengeleg for gjennomføring av arrangement, samt formidla det trykte og digitalt utarbeide formidlingsmaterialet. Fleire av dei små kommunane har få tilsette og bygrensa av tid utanom vanleg drift, derfor var desse tilpassingane naudsynte for ei vellykka gjennomføring.

### Overføringsverdi

Det har kome mange gode samarbeid ut av prosjektet, mellom anna er det etablert samarbeid i fleire av kommunane knytt til klesbytedagar, fikseloft og hagelaga, men og etablert eit større samarbeid med Nordhordland biosfæreområde knytt til føredrag, samtale og debattar samt tilgjengeleggjering av informasjon ut til innbyggjarane. Dette er samarbeid vi vil nytte godt av i mange år framover, og kan utvikle vidare.